


Kart over føreslåtte tomter. Sjå forklaring under.



1. Gjerdeberget:

Vi har vorte fortalt av kommunen at det står i kommuneplanen at det ikkje skal byggjast på høgaste haugen. Dette er den høgaste haugen og det er ingenting i terrenget som dempar eit eventuelt hus her. I tillegg er det svært bratt utfor her. Tilkomstveg vil også bli lengre enn til ynskja bustadtomt.

2. I gardsveg:

Ved å plassera eit hus her vil ein hindra tilgang til dyrka mark på eigendommen. Det vart sagt at vi kunne flytta gardsvegen, men ved synfaring vart det sett at dette ikkje lar seg gjera.

3. Haug bak 40/20:

Her vil vi få utsikt rett på hustaket til 40/20. Dette ser vi på som unødvendig og lite ynskkelig når eigdommen er så stor. Grunneigar Marit Tvedt Ervik eig heller ikkje heile denne haugen. Tilkomst vil bli over dyrka mark.

4. Vegg i vegg:

Det å byggja så tett er både vi og eigar av 40/20 negative til. Dette vil gje eit felles tun noko som vi ser på som uheldig. Vi forstår at kommunen helst ser at vi byggjer tett på eksisterande hus, men når eigdommen er så stor burde det vera unødig å bu like tett som i byggjefelt. Sjølv om bustadtomten vi ynskjer ikkje ligg vegg i vegg blir det likevel ikkje stor avstand mellom dei to husa.